



Når kjem det høgare mur og/eller autovern her? (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det er berre flaksen som har gjort at ikkje nokon har køyrt ut i Uskedalselva like ovanfor brua i sentrum, seier fleire trafikantar til uskedalen.no.

Her er det riktignok ein slags støttemur, men høgda på han varierar og lengst oppe mot den første avkøyrsla er han heilt fråverande.

Trafikantane etterlyser mur og/eller autovern og går ut frå at dette er eit kommunalt ansvar ettersom dette er ein kommunal veg. Det er rundt 30 meter frå brua og opp til den første avkøyrsla.

Betre sikring her har vore etterlyst før. Kor lang tid skal det gå før han kjem? Kjem han ikkje før det har skjedd ei ulukke?
Det undrar trafikantane

Av Ola Matti Mathisen